

Bykle kommune
Sentraladministrasjon

Det Kongelege Finansdepartement

Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET

29. SEP. 2004

Saksnr. 041847-164
Arkivnr.

Vår ref:
99/00545-49

Sakshandsamar:
Ann Ebeltoft,
37938532
ann.ebeltoft@bykle.kommune.no

Arkivkode:
203

Dato:
01.09.2004

Svar ang. høring om skatteoppkrevetvalgets utredning - NOU 2004:12 Bedre skatteoppkrevning

Bykle kommune meiner skatteinnfordringa framleis må vere ei kommunal eller felleskommunal oppgåve.

Bykle kommune stiller seg bak sentralstyret i KS sitt einstemmige vedtak av 18.mai 2004 i samband med denne saka.

Situasjonen for Bykle kommune

Siste halvårsrapportering viser at restansar av restskatt pr 30.06. av siste års likning varierer mellom kr. 638.000,- på forskottsskatt, kr. 0,- i forskottstrekkskatt og skatt etterskottspliktige og kr. 383.000,- i restskatt.

Det finnsta tilnærma ingen restanse på arbeidsgiveravgift.

Når det gjelder arbeidsgjevarkontrollen ligg kommunen godt i overkant av statens kontrollkrav på antall kontrollerte verksemder. I 2003 var kontrollprosenten 6,7%, medan staten sitt krav var 5%.

Bykle kommune utfører også skatteoppkrevafunksjonen og arbeidsgjevarkontrollen for Valle kommune.

For Bykle kommune utgjer skatt- og kontrollavdelinga 1,2 årsverk av totalt 3,9 årsverk på økonomiavdelinga. Avdelingsleiar har også ansvaret for den resterande kommunale innfordringa. Denne vert dekka ved bruk av 0,5 årsverk i tillegg til dei nemnde 1,2 årsverk, som er fordela på 2 personer.

Kva som vil skje med staben innafor skatt/kontroll dersom staten overtek heile skatteinnfordringa er usikkert. I mindre kommunar dekker nokre få årsverk gjerne heile økonomifunksjonen innafor både løn, rekneskap, fakturering, budsjett- og økonomiplanarbeid og innfording inkludera skatt. Sjølv om Bykle kommune samla sett har flere ressurser å take av i så måte, er det den samla fagkunnskap og bemanning som tel, og då vert skatteinnkreving ein integrera del av den samla økonomifunksjon.

Desse momenta talar for at det ikkje nødvendigvis er slik at alle ressursar innafor skatteinnkrevinga automatisk kan trekkjast ut av kommunesektoren og overførast til statlege organ. Dette må ein take omsyn til når ein skal måle effektiviseringspotensialet.

Det vil dessutan også vere eit spørsmål i kvafor grad ein vil vektlegge andre verdier i denne samanheng, ikkje minst nærleiken til brukarar og publikum.

Med helsing

Kay Jeiskelid

Kay Jeiskelid

ordførar

Kjell Pedersen-Rise

Kjell Pedersen-Rise

rådmann